



STENDAL VVS AS  
Blombakken 1  
5911 ALVERSUND

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/654 - 22/6771

Saksbehandlar:  
Gunnar Molland  
gunnar.molland@masfjorden.kommune.no

Dato:  
22.08.2022

## Melding om delegert vedtak - søknad om utsleppsløyve - gbnr 3/23

Vi syner til søknad motteke den 01.07 2022  
Dersom du er part i saka med klagerett vil du også få vedlagt saksutgreiinga.

### **Administrativt vedtak. Saknr: 081/2022**

Masfjorden kommune ved rådmannen viser til forureiningsforskrifta § 12 og godkjenner søknaden om utslepp frå slamavskiljar til sjø for fritidsbustad gbnr 3/23. Utsleppet er i fylgje søknaden berekna til 2 PE og skal førast til 15 m djup under fjæra sjø.

Søknaden med vedlegg mottatt 01.07.2022 vert godkjent på fylgjande vilkår:

- Tiltaket skal plasserast som vist på situasjonskart mottatt 01.07.2022.
- Det skal gjevast ferdigattest før tiltaket kan takast i bruk.

Grunngeving: Søknaden er i tråd med forureiningsforskrifta §12.

Heimel : forureiningslova § 12.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. Kommunelova §23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl) Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. Fvl. §§28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skrifteleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar en ynskjer. Klagen skal grunnjevast.

### Klagerett:

Masfjorden kommune gjer merksam på at det er klagerett (fvl. §28) på dette vedtaket. Klage må sendast innan 3 veker. (fvl. §29)

## Saksutgreiing:

### 1. Bakgrunn


Det er i søknad mottatt 01.07.2022 søkt om løyve til utslepp frå slamavskiljar til 15m djupne i sjø frå fritidsbustad gbnr 3/23.

### 2. Fakta

Saka gjeld søknad om utslepp frå slamavskiljar til sjø for fritidsbustad gbnr 3/23.

Anlegget er iht. søknad dimensjonert i storleik i tal personekvivalenter (pe) 2. og skal førast via 2 m<sup>3</sup> slamavskiljar til 15m djup i sjø i mindre følsomt område.

Stendal VVS AS er nøytral fagkyndig som har bistått med val av rensemetode, dimensjonering og dokumentasjon av rensegrad.



### 3. Konklusjon

Søknad om utsleppsløype frå slamavskiljar til 15 m djup i sjø vert godkjent på fylgjande vilkår:

- Tømming av septiktank vert lagt inn i ordinær tømmeordning i Masfjorden kommunen. Masfjorden kommune vil gje melding til renovatør når vi har mottatt ferdigmelding.
- Ferdigattest skal sendast kommunen før anlegget vert tatt i bruk.

Med helsing

Roald Kvingedal  
teknisk sjef

Gunnar Molland  
driftsteknikar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur*

**Kopi til:**

Sindre Totland Olsen

Litlevika 54

5914

Isdalstø

**Mottakarar:**  
STENDAL VVS AS

Blombakken 1 5911

ALVERSUND